

INFORMASJON

Kyrkjebladet for VAKSDAL

75.ÅRG./ NR.2 - 2021



Andakt
Side 3

Gudstenesta i endring
Side 8

Velkomme til kyrkja
Side 16

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)
E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no
Ekspedisjonstid: Tys.og ons. kl. 11-14

Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62 / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn
Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn
Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærar Kristin Straume Audestad

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Anton Proskurnin

Mobil: 48 23 29 77 / E-post: ap244@kyrkja.no

Vaktmeister Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065

Dale kyrkje: Kyrkjegata 1

Eidsland kapell: Eidslandsvegen 2014

Eksingedalen kyrkje: Sørdalsvegen 10

Nesheim kyrkje: Nesheimsvegen 31

Stamnes kyrkje: Gruvevegen 19

Vaksdal kyrkje: Vaksdalsgarden 34

VIPPS

Bergsdalen sokn 552521



Dale Sokn 525329

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Bilete på framsida: Vesle Sol vart døypt av Edvard Bø ved Skipshelleren då det var guds-teneste der Helgetorsdag. Foreldra er Sunniva Gammersvik og Ronny Bjørnson.

Stoff til neste nr. må vera komme inn til 23. august 2021.

Sumar

Ja no er Sumaren endeleg komen. Den kjem med sol, lyse dagar, og nytt mot. Dette trur eg at me alle treng. Dei optimistiske av oss, trudde nok at me i 2021 skulle vera kvitt Korona, og meir tilbake til «vanlege» dagar. No kan me heldigvis sjå litt lysare på dagane frametter. Med stigande temperaturar og stadig meir opning av samfunnet frå styresmaktene er det grunn til å vera optimist.

Våren og sumaren er også ein hektisk periode for oss. Me har gravplassar som treng stell, og mange små og større oppgåver som skal gjerast på desse. Samarbeidet med kommunen lettar heldigvis mykje av arbeide for våre folk. Men det er nok å henga fingrane i.

Om våren og tidleg på sumaren, har kyrkjene i Vaksdal tradisjon for å ha fleire ute gudsteneste. Det er noko eige å få lov til å delta på ei gudsteneste i det store «kyrkjerommet» som naturen er. Ein annan meir praktisk side ved det heile, er at restriksjonane på tal personar som kan samlast, ikkje er so strenge.

God sumar!

Bjart-Magnus N Rosvold, Kyrkjeverje

Kyrkjekontoret er stengt i juli grunna ferieavvikling.

Om du treng å snakke med ein prest kan du kontakta

Frode Kvamsøe 901 96 514 (1. juli - 18. juli)

Edvard Bø 908 40 624 (19. juli - 31. juli)

Leiar i Vaksdal kyrkjelege fellesråd:

Lars Patterson, tlf. 91 88 78 25
e-post: lars.patterson@vetlejord.com

Leiarar i sokneråda:

Bergsdalen: Lise-Lotte D. Småbrekke,
tlf. 91 34 03 64

Dale: Brith Kydland, tlf. 48 13 06 64

Eksingedalen: Bjørg Lavik,
tlf. 95 14 37 76

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim,
tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet,
tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Grete Loftheim Dale,
tlf. 99 26 81 28

Den norske kyrkja si heimeside:

www.kyrkja.no

Bjørgvin bispedømme si heimeside:

www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett:

www.bibel.no

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming:

VaksdalPosten

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,
boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Bodoni AS, avd. Hardanger,
Øystese. Tlf. 46 63 09 33

Retur til: Kyrkjekontoret for
Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Kyrkjelydane i Vaksdal på Facebook:

- Vegen i Vaksdal (trusopplæringa)
- Babysong, Småbornssong og Knøttesong i Vaksdal
- Kyrkjene i Vaksdal
- Bergsdalen kyrkje
- Nesheim kyrkje
- Dale Ving



Om livet og trua

Livet, altså.

Finst det noko meir allsidig enn menneskelivet? Det er så veldig stor variasjon i kven me er, kor me lever, korleis me lever, kor lenge me lever. Og så bortetter! Ja, kvart menneske er unikt. Dette har sjølv sagt kor kje eg eller vitskapen noko bevis på, for me har ikkje kontrollert og testa kvart menneske. Men på same måte som me godtek at ingen snøfnugg eller fingeravtrykk er like utan å ha kontrollert kan me vel rekne med at det gjeld mennesket og.

Så er me likevel ganske like på mange områder, vil eg tru. Til dømes at me treng å kjenne på tryggleik, treng å bli sett og verdsett. Men her og er det skilnader. For der somme vågar det meste, er andre hemma av frykt. Der somme syg til seg merksem ynskjer andre heller å få vere heilt i fred. Me er samstundes like og unike, me menneske.

Trua, altså.

Tru er noko... rart? For somme er trua sterkt til stades. For andre vekslar det mellom tru og tvil. Nokon vil ikkje tru, for det som ikkje kan bevisast eller er handfast er ikkje noko å satse på. Sett på spissen - og sagt litt karikert - kan me seie at for den sistnemnde gruppa handlar det om å tru at ein ikkje har noko tru. For eg vågar å tenkje: Kva er livet utan ei tru? Utan ei tru på noko eller nokon?

Gud, altså.

I høve Gud kan me vel berre tru. Viss det handla om vitskap eller noko handfast hadde det vel ikkje vore snakk om nokon Gud - men heller om ein menneskeskapt gud. At det likevel kan vere vanskeleg å tru skjørar eg godt. Og me seier at me i oss sjølve ikkje kan tru på Bibelen sin Gud, men at trua vert gjeve oss som ei gave. Og det er jo fint, for gaver kan me ta imot! Eller nekte å ta imot, sjølv sagt. Så me kan få trua som gave, men og seie ifrå oss trua som gave.

Det Norske Bibelselskapet legg ut eit «Bibelord» på nett kvar dag. Dei gjev og ut slike leseplanar som hefter. Tidlegare i juni var det nokre vers frå Paulus sitt brev

til Titus som eg særleg merkte med ved. Noko som er fint med Bibelen er at me stadig kan oppdage tekstar og bodskap på nytt. Og eg synes at denne teksten sa veldig mykje om Gud og hans forhold til oss.

Så les gjerne desse versa, og ta dei med deg vidare i sommar - og i livet.

**Men det vart openberra
kor god vår Gud og frelsar er,
og kor han elskar menneska:**

**Han frelseste oss, ikkje fordi vi hadde
gjort rettferdige gjerningar,
men fordi han er miskunnsam.**

**Han frelseste oss ved badet som gjenføder
og fornyar ved Den heilage ande,
som han så rikeleg har aust ut over oss
ved Jesus Kristus, vår frelsar,
så vi skulle bli rettferdige ved hans nåde
og bli arvingar til det evige livet,
som er vår von.**

Paulus' brev til Titus, 3, 4-7



**Ha ein god sommar, då!
Venleg helsing
Frode Kvamsøe**

Min salme

Eg er takksam for dei mange salmar og kristne songar eg har vorte kjent med gjennom livet. Dei fyrste medan eg endå var barn. Dette ser eg på som ein stor rikdom og hjelp i kristenlivet.
Her har eg valt salmen:

Deg å få skode er sæla å nå

Det var i bryllaupet til eit ung par for ein del år sidan, eg fyrst vart merksam på den. Det var ein av fellessongane i kyrkja. Eg tykte det var eit fint vitnemål.

Seinare har eg gledd meg over salmen mange gonger, både i gudstenester og andre høve.

I salmeboka står den under tryggleik og glede. Det er godt å bli minna på at det er hjå Gud me får del i den sanne gleda og freden.
 Ved å be: " Far, lat meg vere barn her hjå deg.
 Kom til meg, Herre, ja, bu du i meg!"
 I neste vers er det teke med om rustninga.

Vers fire syner kor forgjengeleg det menneskelege er, her samanlikna med den morknande vev. Eg tykkjer det er eit godt uttrykk Arve Brunvoll har funne til omsettinga. Hjå Gud er den sanne og evige rikdommen! Ved trua på Jesus, Guds Son, vert me sidestilt med Han. Me vert Guds arvingar og Kristi medarvingar. Dette har eg sett mi lit til, i takk og glede over frelsa i Jesus Kristus. Likevel må eg heile vegen be Gud om hjelp til å ha blikket vendt mot Han.. «Me har ikkje det synlege for auga, men det usynlege». 2. Kor.4,18.

«Du er min arv som varer til sist, himmelske konge, det veit eg for visst». Mitt ynskje er at alle må ta imot denne arven.

T: Irsk tekst frå 700-t/Til engelsk
 ved Mary Byrne
 1905 og Eleanor Hull 1912
 O: Arve Brunvoll 1978
 M: Irsk folketone

*1 Deg å få skode er sæla å nå,
 Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå;
 ver du for tanken min dyraste skatt,
 ljuset som strålar ved dag og ved natt!*

*2 Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,
 tal du det levande ord med di royst!
 Far, lat meg vere barn her hjå deg.
 Kom til meg, Herre, ja, bu du i meg!*

*3 Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd;
 ver du det merket som syner mitt verd,
 livd for mi sjel, den tryggaste vakt;
 lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!*

*4 Rikdom og ære som menneske gjev,
 er ikkje meir enn den morknande vev.
 Du er min arv som varer til sist,
 himmelske konge, det veit eg for visst.*

*5 Konge i æva, å lat du meg då
 sigrande inn i ditt rike få gå!
 Ver du mi tru, den vona eg ber
 til eg får skode din herlegdom der.
 Amen.*

Annbjørg Boge sender salmestafetten vidare til Gunvor Boge.



Fitjavasstemna 2021. Foto: Brith Kydland

Ute-gudstenester i sommar

Kyrkjelydane i Vaksdal har fleire av gudstenestene sine utandørs i sommarhalvåret.
Kan hende såpass mange at Vaksdal har rekorden i Noreg?

Tidlegare i vår/sommar har det vore ute-gudsteneste ved Skipshelleren (les meir om ho på Vegen-sidene), og Fitjavasstemna på fjellet mellom Vaksdal og Samnanger. Tidlegare i vår/sommar har det vore ute-gudsteneste ved Skipshelleren (les meir om ho på Vegen-sidene) og Fitjavasstemna på fjellet mellom Vaksdal og Samnanger. Vidare i sommar er desse gudstenestene planlagde:

Stølsgudsteneste på Lidastølen (Bergsdalen)

Søndag 4. juli kl. 15.00

Parkering ved kyrkja. Felles avgang kl. 13.30 fra betongbrua på Lid (ved jordbæråkeren). Me fylgjer den gamle stolsvegen opp til Lidastølen. Det er nokre brattare parti, ca. 3 km å gå. Løypa er merkt.

Vert ikkje været bra nok møtast me i kapellet. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Frode Kvamsøe (90 19 65 14), eller sjekke Bergsdalen kyrkje si Facebookside og kyrkjelydane i Vaksdal si heimeside.

Foto: Per Småbrekke

Olsokstemna på Leiro (Eidsland)

Torsdag 29. juli kl. 18.00

Leiro er ein fjellgard ovanfor Myster på Eidsland, og det tek ein dryg time å gå opp for dei som er i rimeleg god form. Det er nokre bratte parti, og ein går somme stader på relativt smale stiar. For dei som vil ha nokon å gå saman med er det felles avgang kl. 16.30 frå Saugefjøset på Myster.

Vert ikkje været bra nok møtast me i kapellet. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Edvard Bø (90 84 06 24).



Utegudsteneste i Beinhelleren (Trefall)

Søndag 22. august kl. 12.00

Det tek ca. 15 minutt å køyra frå Nesheim til Beinhelleren, på Fv. 5398 i retning Gullbra. Etter å ha køyrt over Trefallbrua tek ein til venstre inn på Holskarvegen. Dette er ein anleggsveg som har grusdekke. Det er ca. 3 km til Beinhelleren frå krysset ved brua. Ein finn staden ved å søkje på «Holskarvegen 370» på internett.

Vert ikkje været bra nok møtast me i kyrkja. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Magnar Nese (97 58 83 03) eller sjekke Nesheim kyrkje si Facebookside og kyrkjelydane i Vaksdal si heimeside.

Det blir relativt korte gudstenester, og hove til å nytte medbragt mat og drikke etterpå. Sjå elles i gudstenestelisten på side 16.



Foto: Esben Hesjedal, VP

Festspel-konsert i Dale kyrkje

Laurdag 29. mai var Dale kyrkje brukt som festspelarena.

Då hadde me besøk av Mathias Rugsveen. Dale viste seg frå si beste side, med strålende sol frå

skyfri himmel. Dei frammette fekk sjå ein ung trekkspelar, som mykje truleg kjem til å frekventere store konserthus både innanlands og utanlands i framtida.

Ordføraren vår Hege Eide Vik var konferansier og sydde saman programmet på ein fin måte. Det

var jo kanskje fleire som undra litt på korleis ein så ung mann, har klart å verta ein trekkspelar av dette kaliber. Heldigvis hadde Hege ein samtale med Mathias midtvegs i konserten. Mathias kunne då stilla nysgjerrigheitene til dei frammette noko.

Kyrkjene i Vaksdal har satt seg som mål at me skal vera festspel-arena i årene frametter. Me har fleire flotte instrument i kyrkjene våre, og desse bygga er svært godt egna som konsertarena.

Bjart-Magnus N Rosvold

Nye kyrkjetenarar på Stamnes og Eidsland

Begge to tek over etter Sigrid Straume Normann, som har vore kyrkjetenar begge stader sidan like før jul i 2015.

Takk for innsatsen, Sigrid!



Appia Mkoba er engasjert som kyrkjetenar i Stamnes kyrkje. Ho er 52 år, og bur i Toskedalen på Stamnes.



Jaron Elias Meyn er engasjert som kyrkjetenar i Eidsland kapell. Han er 15 år og bur på Eidsland.



Ny benk på kyrkjegården på Stamnes

Stamnes sokneråd vil med dette få takka pensjonistane i Fellesforbundet Vaksdal - her representert ved Odd Helland - for den flotte benken me fekk til plassering på kyrkjegården her på Stamnes no i vår. Benken er produsert og levert av AO-senteret.

KYSTPILEGRIMSLEIA +

Pilegrimsreise langs kysten

I snart tusen år har pilegrimar fra inn- og utland funne vegen til Nidaros og heilag-Olav si grav. Fleire vegar førte dit, men av dei viktigaste - og kanskje den mest brukte - var kystleia. Ved denne hovudleia langs vestlandskysten finn vi også pilegrimsmålet Selja ved Stad, som vi kjerner fra legenda om den irske prinsessa Sunniva.

No tusen år seinare har prosjekt Kystpilegrimsleia som mål å skape ei samanhengande reiserute langs kysten frå Egersund til

Trondheim - ei St.Olavsløi og ein europeisk kulturveg. Tufta på den historiske pilegrimsferdsla langs kysten skal Kystpilegrimsleia fremje kunnuskap om historie og kulturminne, miljøforståing, folkehelse og fysisk aktivitet, og legge til rette for bruk og vern av kulturarven vår.

Bak prosjektet står fire bispedøme - Nidaros, Møre, Bjørgvin og Stavanger - og fire fylkeskommunar - Rogaland, Vestland, Møre og Romsdal og Trøndelag.

I 2017 vart Kystpilegrimsleia godkjend som offisiell pilegrimslei, og 2021 er første prøverårt med finansiering frå stat, fylke og kommunar. Lei vert drifta frå Nasjonalt pilegrimssenter i Trondheim med fire regionale pilegrimssenter - Avaldsnes, Bergen, Selje og Smøla. Lei har 26 godkjende nøkkelstader av sær-eigen verdi.

Det er vårt håp at kyrkje og lokalsamfunn aktivt gjer seg kjent med pilegrimsmotivet og tek i bruk lei. Vi har tru for at dette vil

gi gode impulsar til kyrkjelyden, opne eit rom for nye menneske og miljø og vere til glede for alle.

Les meir om Kystpilegrimsleia her:


Kystkultur.no

Venleg helsing
Bjørgvin bispedøme
sitt pilegrimsutval

Olav Fykse Tveit til Dale i oktober

Olav Fykse Tveit er sonen til Einar Tveit, som var prest i Vaksdal 1962-66, og budde såleis på Dale frå han var om lag to til åtte år. Han er no leiande biskop i Den norske kyrkja, med tittelen preses, og biskop for Nidaros domprosti.

I haust kjem han for å vitje barndomsheimen og staden der han mellom anna starta skulegongen sin. Planen er at han skal vere med på gudsteneste i **Dale kyrkje søndag 10. oktober**, samt eit ope arrangement i kyrkja om kvelden **torsdag 7. oktober**.



Konfirmantjubileum til hausten

Stamnes: Laurdag 16. oktober kl. 18.00

Festsamkomme i Stamnes bedehus for 50-årskonfirmantane i fjor og i år, samt konfirmantane i fjor og i år.

NB! Soknerådet gjør endeleg vedtak i denne saka i august, så datoene kan bli endra. Dei sender då informasjon og innbyding når datoene er endeleg bestemt.

Vaksdal: Søndag 17. oktober kl.11.00

For 50-årskonfirmantane i fjor og i år. Gudsteneste i kyrkja, og festsamkomme i bedehuset etterpå.

Dale: Søndag 24. oktober kl. 11.00

For 50- og 60-årskonfirmantane. Gudsteneste i kyrkja, og festsamkomme i bedehuset etterpå.

Sokneråda sender innbyding til dei som står i kyrkjeboka som konfirmantar dei aktuelle åra. Men då somme har byta etternamn sidan den gong, eller av andre årsakar er vanskelege å få tak i, er det ikkje sikert ein når alle.

Ta kontakt med soknerådet (sjå s. 2) viss du saknar innbyding.

Det kan komme endringar viss omsynet smittevern krev det.

Modellen av gamlekyrkja på Dale

Modellen av den gamle kyrkja på Dale (1896-1956) vart i si tid gjeven som gavé av Anton Thaule. Modellen har stått fleire stader i kyrkja, og sto inntil nyleg oppe på galleriet.

Etter at han vart «etterlyst» både gjennom VaksdalPosten og i brev til soknerådet har han no fått plass i nişjen sør for døra inne i våpenhuset. I begge nişjene i våpenhuset er det tildelegare sett opp knagg-rekkjer til ytterklede. Då desse knaggane vert lite nyttta reknar ein med at monteren med modellen av gamlekyrkja likevel får stå lett synleg og tilgjengeleg for dei som vil sjå han.



Det skjer ei viss fornying i instrument-parken i kyrkjene våre.

I Eksingedalen kyrkje er det nett kjøpt eit brukt Yamaha-piano. I Vaksdal kyrkje vert det arbeidd med å få på plass eit brukt flygel. Nett no ser ein både på finansiering og plassering i kyrkjerommet, og vona er å ha instrumentet på plass ganske snart.

Gudstenesta i endring; noko nytt - og noko gammalt

Enno ein gong har kyrkja innført ny liturgi. Les om kva som vert endra og kva som forblir likt.

Ny liturgi

Enno ein gong har kyrkja innført ny liturgi. Liturgi er ordninga for gangen i gudstenesta med ulike tekstar og songledd. Ho er utforma sentralt i kyrkja med ei rekje alternativ. Sokna lokalt har tatt stilling til kva alternativ ein ynskjer å nytte for hovudgudstenesta hos oss. Desse godkjenn prosten. Me starta innføringa i Dale kyrkje med Felles høgtids-gudsteneste 1. Pinsedag.

Kvífor ny gudstenestे-ordning?

Ved sist revisjon, som berre er om lag 10 år gammal, vart det laga svært mange alternativ. Mange har tenkt at gudstenesta verka ukjend når dei vitja ulike kyrkjer rundt i landet. Ein har ynskt ei meir heilskapleg ordning med færre alternativ, samt at ein har hausta erfaring frå denne perioden, og teke bort nokre alternativ som ein har opplevd vanskelege og framandgjerande. Hovudpoenget med involveringa ligg framleis til grunn.

I hovudsak er ikkje gangen så ulik

Oppbygningen av ei klassisk gudstenesta ligg fast med Innleiing, Tekstlesing med preike, bøner, sakramenta dåp og nattverd, avslutning med velsigning og utsending. Ved sist revisjon vart det fastsett å flytte dåpen tidleg i gudstenesta. Dei klassiske song-ledda er framleis med: Kyrie (Bønerop), Lovsong (Gloria), Truvedkjenninga, Heilag (Sanctus), Vår Far (Herrens bøn), Du Guds Lam (Agnus dei) og Lovprisinga med velsigninga (Benedicamus).

Kva er så nytt no?

Musikalsk valde me ved sist revisjonen å halde fram med



musikken frå 1977-liturgien i alle kyrkjene våre i Vaksdal. No held to sokn på denne liturgien, Vaksdal og Bergsdalen. Dei fire andre sokna vel no ny musikk til song-ledda (Kyrie, Gloria etc.) Det er variant to som og er kalla den rytmiske varianten. Me vil øve noko på den no i førstninga.

Det er iørefallande melodiar. I alle kyrkjene vert det og sunge eit halleluja-omkvæd før og etter evangelie-lesinga før preika. Samlingsbøna var ei ny bøn i innleiinga ved sist revisjon. No tek me i bruk ein ny variant av bøna som vil endra seg noko gjennom dei ulike tidene i kyrkjearret. Noko som mange har vert usikre på i sist perioden er enkelte ledd som skulle seiast i kor. Alle er ikkje fjerna, men nokre av dei. Me skal framleis sei amen nokre stader, men orda etter tekstlesinga: Gud vere lova, fell ut. Det gjer det óg under nattverden der prest/liturg skulle sei ein del av bøna, og så skulle kyrkjelyden henge seg på slutten.

No er det berre prest/liturg som áleine seier heile bøna. Ein er sjølvsagt med og ber inne i seg. I høve nattverden innfører me i somme kyrkjer ei fredshelsing. I koronatida vel ho ikkje vere med å rekje kvarandre handa, men en ved å leggje handa på hjartet. Me desse punkta er me i hovudsak gjennom det grøvste.

Det skal ikkje verte så vanskeleg. Organist Ruben gjev i bladet ein fyldigare gjennomgang av endringane med song-ledda. Ver velkommen til gudsteneste!

Oppdag noko nytt og mykje som er godt kjent frå før. Ordninga skal vere ei hjelpe for oss til å tilbe Den treeinige Gud og å ta imot av hans mangfaldige nåde og kjærleik.

Ny musikk

Ved sist gudstenestereform var utvalet av liturgisk musikk svært stort. Kyrkja har no snevra inn til 3 allmenne seriar, ein serie for fastetida og ein serie for festtida.

- Allmenn serie 1. Dette tilsvrar allmenn serie frå 1977, med tre alternative melodiar for Gloria. Den har hittil vært brukt i kyrkjene i Vaksdal.

- Allmenn serie 2. Dette er ny rytmisk musikk, av ulike forfattar og komponistar, mellom anna ein Agnus Dei-melodi av Tore W. Aas.

- Allmenn Serie 3. Denne er komponert av Trond Kverno, ein messe med tittelen Missa ex ore infantum (Messe frå barnemunn). Denne bruker vekselsong mellom forsongar og kyrkjelyd, og vil difor krevje at ein har forsongarar eller forsongarkor på alle gudstenestene.

Sokna skulle velge kva for ein av desse som skal nyttast til vanleg.

- 2 sokn har valt serie 1 (Vaksdal og Bergsdalen).

- 4 sokn har valt serie 2 (Dale,

Stamnes, Eksingedalen og Nesheim).

- Serie for fastetida. Sanctus tilsvrar Sanctus for fastetida frå 1977-liturgien. Resten dei gamle fastmelodiane er erstatta med nye melodiar.

- Serie for festtida. Agnus Dei tilsvaret Agnus Dei for festtida frå 1977-liturgien. Resten av dei gamle festmelodiane er erstatta med nye melodiar. Kyrie og Gloria er skiven av Trond Kverno, med en liknande vekselsong, og krev at ein har eit forsongarkor. Soknene skulle ikkje velge mellom ulike melodiar for faste og fest, men man vel om ein vil bruke dem eller holde på ein allmenn serie heile året. Så langt er det berre Vaksdal sokn som vel å ta i bruk både faste- og festmelodiane.

I tillegg har det kome ei rekke alternative melodiar til forbønnssvar, og ein vel eit halleluja-vers som vert sunge før og etter lesinga av evangelie-teksten.

På heimesida til kyrkjelydane i Vaksdal vil det bli lagt ut informasjon om kva som gjeld for kvart sokn. Der kan ein gjere seg kjent med ordninga i dei ulike kyrkjene - og samstundes førebu seg når ein skal til gudsteneste.

Tekst: Edvard Bø og Ruben S. Gjertsen





Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook!



Framleis pregar korona liva våre, og ein del av tiltaka me normalt skulle arrangert allereie, er utsette. Men me vonar at me får gjennomført dei fleste av desse i løpet av året, til dømes Tårnagenthelg for årets åtteåringar og Lys Vaken for årets elleveåringar. Våren og vaksinene er på veg, og me kan endeleg våga å la optimismen sleppa til i kroppen, sjølv om me veit det tek ei tid enno før ting er stabiliserte og normaliserte. Noko har me likevel fått til sånn i starten på 2021:

Påskevandringar i og rundt kyrkjene

I påska vart mange samlingar avlyst, og me måtte tenkja alternativt. Ein av tinga me gjorde, var å ha påskevandring inne i Dale kyrkje, for både små og store. Vaksne kunne gjennom plakatar på veggane rundt i kyrkja ta del i Jesu` lidingshistorie, som òg blei aktualisert i sterke, djupe tekstar. I midtgongen var det små, enkle «tablå» der me brukte Jesusbamsen for å visa påskeforteljinga, som heldigvis slutta bra! Rundt Vaksdal kyrkje hang det ei aktivitetsløype i påskeveka, med



sentrale oppgåver og «ting å tenkja på» rundt påska. Me la òg ut ei digital gudsteneste

med påskevandring frå Dale kyrkje, der Edvard prest hadde rolla som Jesus.

Gudsteneste med dåp på Skipshelleren

særskild inviterte. Sola skein, presten var sein (men han rakk det!) og fuglane song då folk benka seg på benkar og sitjeunderlag nede ved fjorden. Ekstra spesielt denne dagen var at det òg var dåp for ei lita jente denne dagen! Sjeldan har det vel vore så vakre rammer for dåphandlinga, og vesle Sol blei døypt i det gamle dåpsfatet til Stamnes

kyrkje, oppå ein bjørkestubbe. Kyrkjelyden humra litt då presten uttalte kommentaren «Hugs å flytta spriten før de tenner dåpslyset»... Mykje er annleis denne tida, men jammen er det mykje som er fint likevel!

Foto: Per Småbrekke



**Baby- og
småborns-
song og
knøttesong
på Dale og
Vaksdal**

Me har i vår hatt samlingar både på Dale og Vaksdal, med kombinert baby- og småbornssong på føremiddagen, og knøttesong på ettermiddagen. Det har vore kjekt å møtast igjen, sjølv med restriksjonar på avstand og sånn. Meir om desse samlingane kan du lesa om i reportasjen her i bladet.



Kva skjer på VEGEN framover?

FRÅ 16. AUGUST:

Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust fylgjer me same opplegg som me har hatt i vår, med baby- og småbornssong for born 0-2 år på Dale måndagar og på Vaksdal onsdagar. I etterkant av samlingane er det eit uformelt lunsjtreff, der ein kan ha med eigen mat, og me står med drikke og evt. litt frukt. Meir om samlingane i eigen reportasje.
Qr-kode til gruppa der me deler info om samlingar framover:

0-2 år



FRÅ 16. AUGUST:

Knøttesong på Dale og Vaksdal

Det vert òg knøttesong for to til fem-åringar i kyrkjene på ettermiddagstid utover hausten! Her vert det ca annakvar gong på Dale og Vaksdal, og det går sjølvsgått an å reise mellom bygdene om ein vil få med seg samlingar kvar veke!
Det er mogleg å ta med seg litt kvelds og eta på slutten av samlingane.
Qr-kode til gruppa der me deler info om samlingar framover:

2-5 år



28. AUGUST:

Tur til Kvamsholmen

Me har brukt å reisa på segltur med Brørvikaskuta med tolvåringane i kommunen, men dette året er skuta til reperasjonar. Skutefolket, dugnadsjengen rundt skuta, inviterer i staden til båttur til Kvamsholmen, der me får grilla, og får omvisning i området. Me i kyrkja har også nokre innslag undervegs, naturleg nok. Pleier å vera ein gøy dag for dei som er med!

12 år

I SEPTEMBER:

Skulevegensamlingar

Me har normalt hatt «skulevegensamlingar» som ein del av gudstenester der årets seksåringar har fått innbyding til gudstenester der dei har fått utdelt bøker. Akkurat korleis me gjer dette denne hausten, har me ikkje planlagt endå. Kanskje det vert eigne samlingar for kun seksåringane. Dei vil i alle fall få invitasjon når det nermar seg ei samling for dei!

6 år

KONFIRMANT*

2022

**Tenkjer du på å vere konfirmand
i ei av kyrkjene i Vaksdal neste år?**

Frå kyrkjelydane i Vaksdal vert det sendt ut brev med informasjon til alle som er medlem av Den norske kyrkja og er fødde i 2007. Brevet kjem i løpet av juni.

Ta kontakt viss du ikkje får brevet, eller viss du ikkje er medlem i Den norske kyrkja men likevel ynskjer kyrkjeleg konfirmasjon.

På heimesida vår kan du lese meir - og melde deg på: www.kyrkja.no/vaksdal

Konfirmandar i Nesheim kyrkje 5. juni




Frå venstre: Sigve Øvstedal, Silje Gullbrå og sokneprest Frode Kvamsøe. Foto: Magnar Nese.

Songstunder i kyrkja for borna – kvalitetstid for små og store!

Til hausten heldt me fram i kyrkjene på Dale og Vaksdal med songsamlingar for born under skulealder, også kalla babysong, småbornssong og knøttesong. Men kva skjular seg eigentleg bak desse namna? Er det veldig formelle samlingar der me kun syng gamle salmar og alle må sitja heilt i ro? Må alle syngja høgt kvar for seg, og få opplæring i stemmebruk om dei syng feil? Må ein gå heim med bornet om det er uroleg? Er samlingane berre for dei som er personleg kristne?

Nei, ingen av desse påstandane stemmer! Men det kan vera lett for folk å tenkja at mykje som skjer i kyrkja er veldig formelt og stramt, sidan det historisk sett har vore slik. Desse samlingane for born er annleis, og tanken er at dei er på borna sine premissar, og at leik og songglede er i sentrum. Me ynskjer at borna skal innta kyrkjene med sitt eige språk; rørsle, latter, undring og leik, og kjenna seg heime der. Det er også eit mål at foreldra skal kjenna seg ivaretatt og møtt på ein god måte, og bli kjende med kvarandre og med kyrkja i uformelle settigar. Kort sagt - me ynskjer at folk skal føla at det er plass til heile dei, slik dei er!

Ein onsdagskveld i Vaksdal kyrkje, snakkar me med ei som har vore innom både babysong (for 0-1 åringer), småbornssong (1-2 åringer) og knøttesong (2-5 åringer), for å finna ut korleis ho har opplevd samlingane. Då Maren Finsrud Johannessen byrja på babysong med si veldig ferske dotter Hjørdis (no 2,5 år), kjende ho få andre i bygda Vaksdal. Ho kom på babysong blant anna med eit mål å bli kjend med fleire, og innrømmer at det var litt skummelt første gongen. Ho visste ikkje heilt kva ho gjekk til, og akkurat den gongen



Såpebobletid er alltid ein favoritt for både Hjørdis, Haftor og Mare.

var dei to åleine på samlinga, saman med trusopplærar Kristin.

Det kunne lett blitt kleint, og føltest nok litt uvant, men ho kjende òg at det var fint og trygt, og dei kom tilbake neste gong, då det òg var fleire andre der. Ho trekkjer fram at ho alltid har følt seg inkludert på samlingane, og at songstunda er lågterskel og utan krav til songstemme eller å læra mange nye songtekstar. Ho synest òg at «mat- prat- og leikestunda» me ofte har i etterkant av songstunda, er ein fin sosial arena der store og små vert betre kjende. At det har vore samlingar under koronatida har hjulpe Maren å føla ein viss grad av normalitet dette annleis-året, og det har gjort at sonen Haftor (8 måna-

dar) har kunna møtt andre born enn storesysterar si det fyrste leveåret sitt.

På spørsmål om ho meiner samlingane er veldig religiøse, meiner ho motsett, at ho var overraska over kor lite religiøst preg samlingane hadde, at me like gjerne syng tradisjonelle, kjende barnesongar, og at det ikkje følest som ein må ha eit nært forhold til kristendommen for å vera med. Ho seier at songstundene følest som kvalitetstid med borna sine, der dei opplever kjekke ting i lag, med fokus på kvarandre. Såpebobilene som alltid dukkar opp mot slutten av samlingane er ein av favorittane som borna aldri vert lei av, smilar Maren.

Me smilar med, og vinkar når Hjørdis ropar blidt «hade» før

dei ruslar ned midtgongen. Eller, Hjørdis ruslar ikkje, ho hoppar og dansar seg ut kyrkjedøra. Det er fint å bli kjent med stadig nye, kjekke folk rundtom i bygdene, og at kyrkjene kan vera ein møteplass for små og store! Til hausten er det altså «på an igjen» med nye samlingar. Om fleire vil vera med, kan ein gjerne vera med i facebook-gruppa vår for oppdatert info om samlingane. QR-kode til sida finn de her i bladet under «Kva skjer på vegen vidare». Velkommen til både små og store!



Maren synest at samlingane i kyrkja er ein sosial og hyggeleg møteplass for både store og små, der det er plass til alle på sine eigne premissar. På slutten av samlingane tenner me alltid lys for kvart born som har vore med.»

Tankar frå trusopplæraren

«Når det stormar, når det stormar, når det stormar rundt om kring»... syng me av og til på samlingar med borna. Og vidare at Gud er sterk, og hjelper oss i stormen, om enn me kjenner oss svake i oss sjølv. Det vart med eitt så levande for meg her ein dag. For det er jammen mange stormar me må stå i, innimellom. Det kan vera kaosttilstandar og omveltingar anten i heimen, på jobb, eller i hovudet. Eller kanskje det stormar alle

stadar på ein gong?

Då treng me nokon stødige, som beheldt roen der me mistar den. Den som tar handa vår trygt og møter blikket vårt varmt og minnar oss på dette viktige som er så alt for lett å gløyma når det stormar som verst: pust, et og soy, det blir betre! Og, aller viktigast: nokon som minner oss på at me er menneske, og dermed gjer feil innimellom, slik er det berre. Men at fordi me er menneske har me også uendeleg stor

verdi - akkurat slik me er!

Det er ikkje alltid så lett å sjå Gud midt i stormen, men Han er der. Han er stabil, Han endrar ikkje meinings om kven du er. Han er i smila du får frå gode folk rundt deg, i varme ord, i gode klemmar, i den trøystande songen på radioen akkurat då du trengde den mest, i den vesle lysstrima av håp midt i det håplause, tunge, mørke. Gud er. Han blir. Og Han er glad i oss slik me er!





Eit konfirmant-år går mot slutten

Det vil seie: I år - som i fjor - gjer korona-situasjonen at dei fleste konfirmasjons-gudstenestene er utsette til hausten. Eidsland er fyrst ute, den siste laurdagen i august. Så har Dale, Vaksdal, Bergsdalen og Stamnes konfirmasjonar dei to neste helgene.

Konfirmantane i Eksingedalen har hatt eige opplegg, og konfirmanten på Eidsland har fylgd opplegget i Modalen. Resten av konfirmantane har hatt ein forenkla utgåve av opplegget me har hatt dei sist åra. Desse konfirmantane har me dette året ikkje kunne samla i smågrupper med 1-2 vaksne leiarar. Lokale restriksjonar og ulike

karantener har gjort at ein de samlingar har vore avlyste eller utsette. Nattcup i fotball vart det heller ikkje noko av for desse konfirmantane.

Det største saknet er nok at me ikkje fekk reise på leir til Fagertun i haust. Som eit plaster på såret laga me til ein «bu heime-leir» andre helga i juni. Då var konfirmantane på Vaksdal det meste av laurdagen, og deltok på «Fest på kjerka» på Dale om søndagen. Laurdagen gjekk med til undervisning, quiz, spørjetime, bibelvandring og nattverdsgudsteneste med bønevandring - tillegg til servering og ein god del med pausar.



Lystening under bønevandringa i Vaksdal kyrkje laurdagskvelden.



DEN NORSKE KIRKJA
Vaksdal kyrkjelag fellesråd

Døype barnet
- eller bli døypt sjølv?
Ver velkommen
til dåp!
Ta gjeme kontakt
med oss.

10 år sidan 22. juli

Samfunnet førebur seg
på ei markering av at det er
ti år sidan terrorhendingane
i Oslo og på Utøya.



I Vaksdal kommune er det
under planlegging ein **minnekonsert**
om ettermiddagen den 22. juli.
Konserten vert primært med lokale krefter,
og finn truleg stad i Dale kyrkje.

SLEKTTERS GANG



DØYPTE

Stamnes

13.05 Sol Bjørnsen Gammersvik

Vaksdal

06.06 Malin Skånvik Rikstad



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale

- | | | |
|-------|-----------------------|------|
| 07.05 | Simon Hvidsten | 1931 |
| 26.05 | Torbjørg Lie Johansen | 1931 |
| 30.05 | Jenny Dale | 1924 |

Stamnes

- | | | |
|-------|--------------------|------|
| 28.03 | Osvald Magne Stien | 1942 |
| 18.04 | Norvald Gullbrå | 1933 |



Vaksdal

- | | | |
|-------|--------------|------|
| 14.05 | Tor Faugstad | 1973 |
|-------|--------------|------|




BARNAS SIDE

Finn fem feil! Då dei kasta ut garnet der Jesus sa, fekk dei så mykje fisk at båten nesten sank! Dei to biletet er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? (Teikning: Monica Bauleo)



Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare.
Kva skjuler seg her?



Finn namn på 10 dyr!

Inne i rutenettet er det gjemt 10 dyrenamn. Dei står frå venstre mot høgre, og nedover. Kan du finne alle?

O	L	V	I	P	O	L	V	I	R	A
K	Y	G	R	A	P	E	K	A	T	T
L	V	I	P	N	A	S	I	N	Å	J
A	F	L	O	D	H	E	S	T	T	S
T	R	Ø	N	A	U	L	E	I	T	O
R	E	V	N	L	N	U	B	L	Æ	M
O	K	E	I	U	D	X	R	O	P	O
P	A	N	K	I	D	R	A	P	I	R
I	B	K	A	N	I	N	T	E	P	O

Gje
barnebladet
BARNAS til eit
barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta
frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.



Vitsar

Ein musunge titt
ut av museholet om
kvelden. Då fekk han sjå
ei flaggermus.
– Mamma! ropa musun-
gen. – Eg har sett ein
engel!

– Eg håpar det
ikkje blir regn i dag,
sa kengurumamma.
– Det er så travelt når
ungane leikar inne.



Vi har stillas
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

ATLANTIS
VVS & INTERIØR

Din lokale Rørlegger i Vaksdal

€ 95 97 17 00



GRAVMINNEN



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

S
STEINRIKET
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

BKK

- vi gir morgendagen nye muligheter

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 56 59 43 00

SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no



**Alt innan
tømrararbeid**

Tlf. 922 65 739

post@falkangerbygg.no



Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus
Sjå idehus.no

Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENOR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet

56 59 89 34



DALETEC

tovi
Elektro

Tlf. 417 94 104

E.post: tommy@tovielektro.no



NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ

AVDELING VAKSDAL

ALLTID HER FOR



Ann-Elin M. Gullbrå

Ditt lokale
graferdsbyrå



Marit M. Alvheim

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO

Elvavegen 1
Dalekvam
Tlf. 56 99 25 70


Kyrkjevegen 1
Alversund
Tlf. 56 37 14 10



KYRKJA I VAKSDAL

- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLÆRINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.



Vaksdal
BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ


-DITT LOKALE BYRÅ SIDEN 1984-

DØGNVAKT 56 59 74 70

- OMSORG VED LIVETS SLUTT -

POST@VAKSDALBEGRAVELSE.NO WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO TLF. 911 79 766

BLOMSTERBESTILLING 55 19 72 05



**Returadresse: Kyrkjebladet for Vaksdal
Postboks 113, 5721 Dalekvam**

VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 27. juni - 5. søndag i treeiningstida.

Ingen gudsteneste i Vaksdal.

Søndag 4. juli - Aposteldagen

LIASTØLEN (Bergsdalen) kl. 15:00.

Stølsgudsteneste. Kvamsøe. Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

Søndag 11. juli - 7. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 18. juli - 8. søndag i treeiningstida.

VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 25. juli - 9. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00 Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Torsdag 29. juli - Olsok

LEIRO (Eidsland) kl. 18.00. Olsokstemna. Bø.

Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

Søndag 1. august - 10. søndag i treeiningstida

Ingen gudstenester i Vaksdal

Søndag 8. august - 10 søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 15. august - 12. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.
EKSINGEDELAEN KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 22. august - 13. søndag i treeiningstida

BEINHELLEREN (Trefall) kl. 12.00. Utegudsteneste. Kvamsøe.

Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

Laurdag 28. august

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe.

Søndag 29. august - Vingardssøndagen

DALE KYRKJE kl. 18.00. Ung Messe med prestane i Vaksdal, og konfirmantane i Bergsdalen, Dale, Stamnes og Vaksdal sokn. Nattverd.

Laurdag 4. september

DALE KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø.

Søndag 5. september - 15. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø.

Laurdag 11. september

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø.

Søndag 12. september - 16. søndag i treeiningstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø.

EKSINGEDELAEN KYRKJE kl. 15.00. Familiegudsteneste. Audestad og Kvamsøe.

Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag, og på www.vaksdal.kyrkja.no for eventuelle endringar.

Dåp: For tida har me eigne dåpsgudstenester. Ta kontakt med Kyrkjekontoret viss de ynskjer dåp.



Bunad og stakkastovo as

ng bunad

omsem

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no